


Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, Wigandgården 8. etasje
Dato:	28.09.2016
Tid:	10:00

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av nemnda sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall.



Tom Knudsen
leiar



Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 33/16	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 34/16	Referatsaker (meldingar)		
PS 35/16	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 06.09.2016	2016/1098	
PS 36/16	Høringsuttale NOU 2016/7 - Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn.	2016/7805	
PS 37/16	Ymse		

PS 33/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 34/16 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2016/1098-6
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	35/16	28.09.2016

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 06.09.2016

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 06.09.2016 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, Wigandgården 8. etasje
Dato: 06.09.2016
Tidspunkt: 10:00-12:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Leiar	NHO
Roger Pilskog	Nestleiar	LO
Anne Gine Hestetun	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Atle Rasmussen	Medlem	LO-
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Rita Jordal	Medlem	LO
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingerepr.
Lisa Nord Hopland	Medlem	Lærlingerepr. vara

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
John Helge Gullaksen	Roald Steinseide	H
Marie Størdal	Sølvi Olrich-Sørebo	KS
Elisabeth Refvik	Atle Rasmussen	LO
Terje Hansen	Birgitte Svanevik	NHO
Atle Wedaa	Rita Jordal	LO

Merknader:**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsssjef
Frank Halhjem	Spesialrådgjevar
Sissel Øverdal	Regionleiar
Anne-Sara Svendsen	Leiar
Odd Bjarne Berdal	Seniorrådgjevar
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 27/16	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 28/16	Referatsaker (meldingar)		
PS 29/16	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 25.05.2016	2016/1098	
PS 30/16	Gjennomgang av ulike løp innan fagopplæring	2016/4851	
PS 31/16	Rullering av skulebruksplanen 2017-2030	2016/4130	
PS 32/16	Ymse		

PS 27/16 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 28/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

Vedtak

Det var ingen referatsaker til møte.

PS 29/16 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 25.05.2016

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 25.05.2016 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 25.05.2016 vart tatt til orientering.

PS 30/16 Gjennomgang av ulike løp innan fagopplæring

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

Forslag til innstilling

Fylkestinget tilrår ikkje noko endring i måten desse løpa vert gjort kjent for søkjarane på, då dei er godt presentert i søkjarhandboka frå fylkeskommunen som blir sendt ut til elevar og rådgjevarar i grunnskulen.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tilrår ikkje noko endring i måten desse løpa vert gjort kjent for søkjarane på, då dei er godt presentert i søkjarhandboka frå fylkeskommunen som blir sendt ut til elevar og rådgjevarar i grunnskulen.

PS 31/16 Rullering av skulebruksplanen 2017-2030

Forslag til innstilling

- Fylkestinget vedtar overordna total dimensjonering etter oppsettet i tabellen under. Framlegg om endringar som inneber auke i dimensjoneringa, må difor følgjast opp av ein tilsvarande reduksjon i elevplassar ein annan stad. Totaldimensjoneringa følgjer prioriteringane i investeringsplanen og skal justerast årleg.

Tilråding Region	Elevtals- prognose 2030	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar	Diff. plassar - prognose
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST		
NORDHORDL.	1 300	-	48	105	75	60	120	-	-	-	135	120	-	-	-	-	360	1 023	-277
ARNA REGION	980	-	20	60	-	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	180	530	-450
BERGEN NORD	1 330	50	60	120	-	90	210	-	-	105	90	90	-	-	180	-	630	1 625	295
BERGEN SENTRUM	1 460	100	82	-	165	105	360	-	-	135	150	120	90	-	-	90	1 548	2 945	1 485
BERGEN SØR	3 500	50	130	135	-	135	330	165	165	90	210	90	180	180	-	-	1 560	3 600	100
BERGEN VEST	2 000	-	108	105	-	45	225	-	-	-	120	-	-	180	-	90	720	1 593	-407
ASKØY	1 080	-	28	105	-	60	120	-	-	-	105	-	-	-	-	-	540	958	-122
SOTRA	1 350	-	32	45	45	75	120	-	60	-	105	-	-	-	90	-	540	1 112	-238
OS - FUSA	1 100	-	16	120	-	75	180	30	30	120	255	30	-	-	-	90	360	1 306	206
SUNNHORDL.	1 500	35	62	60	30	150	210	-	30	45	120	60	90	90	90	-	540	1 612	112
ODDA/KVINH.	780	20	28	60	-	60	90	-	-	-	105	30	-	-	-	-	360	753	-27
KVAM	290	10	12	-	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	180	292	2
VOSS	610	20	20	45	45	30	60	135	30	30	75	45	-	45	135	90	180	985	375
ETNE - SVEIO	95	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-95
Sum	17 375	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 560	585	450	495	675	360	7 698	18 334	959

Fylkestinget vedtar skule- og tilbudsstruktur etter dimensjoneringa i tabellen under.

REGION	SKULE	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
NORDHORDL.	Austrheim vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	Knarvik vgs	-	48	105	75	60	120	-	-	-	135	120	-	-	-	-	360	1 023
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs	-	8	60	-	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	90	308
	Osterøy vgs	-	12	-	-	30	30	-	-	-	60	-	-	-	-	-	90	222
BERGEN NORD	Åsane vgs	50	60	120	-	90	210	-	-	105	90	90	-	-	180	-	630	995
	Tertnes vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	630
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs	-	20	-	-	-	-	-	-	135	-	60	90	-	-	-	720	1 025
	Bergen Katedralskole	50	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	648	698
	Bergen maritime vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	Årstad vgs	50	62	-	165	105	360	-	-	-	150	60	-	-	90	180	1 222	
BERGEN SØR	Austevoll vgs	-	4	-	-	-	15	45	-	-	45	-	-	-	-	-	30	139
	Langhaugen vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	180	-	-	-	450	630
	Nordahl Grieg vgs	50	16	-	-	135	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	630	1 011
	Sandsli vgs	-	10	-	-	-	-	165	-	-	-	-	-	-	-	-	450	625
	Slåtthaug vgs	-	12	135	-	135	180	-	-	-	165	90	-	-	-	-	717	
	Stend vgs	-	88	-	-	-	-	120	-	90	-	-	-	180	-	-	478	
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs	-	8	-	-	-	120	-	-	-	-	-	180	-	-	-	360	668
	Laksevåg vgs	60	-	105	-	45	-	-	-	-	120	-	-	-	-	-	330	
	Olsvikåsen vgs	40	-	-	-	105	-	-	-	-	-	-	-	90	360	-	595	
ASKØY	Askøy vgs	28	105	-	60	120	-	-	-	-	105	-	-	-	-	-	540	1 593
SOTRA	Sotra vgs	32	45	45	75	120	-	60	-	-	105	-	-	-	90	-	540	958
OS - FUSA	Fusa vgs	-	5	-	-	-	60	30	30	-	75	30	-	-	-	90	360	1 112
	Os gymnas	-	-	-	-	75	120	-	-	120	180	-	-	-	-	-	320	
	Os vgs	11	120	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	360	
SUNNHORDL.	Bømlo vgs	-	-	-	-	-	90	-	-	-	-	-	-	-	-	-	180	626
	Rubbestadnes vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1 306
	Fritjar vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	Stord vgs	35	62	60	30	150	120	-	30	45	120	60	90	90	90	360	1 342	
KVINNHHERAD	Kvinnherad vgs	10	16	45	-	30	60	-	-	-	45	30	-	-	-	-	180	1 612
ODDA	Odda vgs	10	12	15	-	30	30	-	-	-	60	-	-	-	-	-	180	416
KVAM	Ny Kvam vgs	10	12	-	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	180	337
VOSS	Hjeltnes vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	753
	Nye Voss gymnas*	20	20	45	45	30	60	135	30	30	75	45	-	45	135	90	180	292
	Nye Voss vgs*	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	292
ETNE - SVEIO	Etne vgs	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
Sum	Sum	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 560	585	450	495	675	360	7 698	18 334

Kommentar til tabell: TAF Vg3 og Vg4 er dimensjonert som PB, gjeld Knarvik vgs og Fusa vgs

Følgjande endringar er foreslått i høve til fylkesrådmannen sitt høyringsforslag Alternativ 1:

- Odda vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.
- Odda vgs, dimensjonering TIP auka frå 45 til 60.
- Kvam vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.

- Fusa vgs og Knarvik vgs, dimensjonering PB er auka med høvesvis 30 og 60 elevplassar med bakgrunn i at det ikkje er vurdert endringar i TAF-tilboda ved skulane. Ordinære PB-tilbod er uendra i tilrådinga.
- Nordahl Grieg vgs, dimensjonering HO er redusert frå 165 til 135.
- Slåtthaug vgs, dimensjonering HO er auka frå 150 til 180.

Region Nordhordland

- Austrheim vgs vert lagd ned hausten 2020, og tilbodet i regionen vert samla på Knarvik vgs.

Alternativ tilråding:

Det blir bygd ny skule i Austrheim med 300 elevplassar. Knarvik vgs vert redusert med 300 elevplassar frå 2020.

- Knarvik vgs får nytt tilbygg og vert samla på Juvikstølen i 2026
- Ved samling av Knarvik vgs på Juvikstølen skal det vurderast om det er grunnlag for å etablere RM ved skulen.
- PB vert auka til 120 (justering i forhold til TAF).

Arna region

- Frå skuleåret 2017/2018 skal Arna/Garnes vgs ha undervisning i to lokale. Tunesvegen vert avhenda/selt.
- Ny skule i Arna skal etablerast nær bussterminal/togstasjon med ferdigstilling i 2027.
- Fag- og skuletilbodet i regionen må samla sett vurderast på nytt ved planlegging av ny skule i Arna.

Region Bergen Nord (Åsane bydel)

- Det er ikkje planlagt større rehabiliteringar eller nybygg utover dei prosjekta som allereie er i gang.

-

Region Bergen Sentrum

- Dei maritime fagtilboda på vgs-nivå vert flytta frå Nedre Nygård til Laksevåg vgs hausten 2020.
- Bergen Maritime vgs vert lagt ned hausten 2020.

Region Bergen Sør

- Større rehabilitering og ei eventuell mindre utbygging av Slåtthaug vgs er planlagt slutført i 2023.
- Langhaugen vgs får nytt bygg for kroppsøving og musikk, planlagt slutført i 2022.

Region Bergen Vest

- Det studieførebuande tilbodet ved Laksevåg vgs vert avvikla hausten 2018

Alternativ tilråding:

Olsvikåsen vgs vert avvikla hausten 2018.

Region Askøy

- Større rehabilitering og ei utbygging av Askøy vgs er planlagt slutført i 2022.

Region Sotra

- Ny skule blir etablert i tilknytning til kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy i 2024.
- Avd Sund vert avvikla/selt når den nye skulen vert teken i bruk.

Region Os/Fusa

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering eller nybygg.
- PB vert auka til 30 (justering i forhold til TAF).

Region Sunnhordland

- Stord Vabakkjen vert rehabilitert og noko utvida i 2022.

- Rubbestadneset vgs og Fitjar vgs vert avvikla/selt når ny/rehabiliterert skule på Stord opnar.

Region Kvinnherad

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering eller nybygg.

Region Odda

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering utover pågåande rehabilitering av yrkesfagbygget.
- ID-tilbodet vert lagt ned

Region Kvam

- Ny skule planlagt ferdigstilt i 2026. Ny skule i Kvam erstattar noverande undervisningslokale i Norheimsund og Øystese, og desse lokala vert avvikla.

Region Voss

- Hjeltnes vgs vert lagt ned, og tilbodet vert flytta til Voss vgs og Voss gymnas frå hausten 2017.

Region Etne/Sveio

- Skuletilbodet i Etne vert samordna med tilbodet i Ølen i ein felles vidaregåande skule, lokalisert ved¹ Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Lokala i Tesdal vert ikkje selt så lenge dei vert nytta av Rogaland fylkeskommune.

- 3 Gjennomsnittleg årleg investeringsnivå innan opplæringssektoren er 500 mill. kr (2016 kroner, inkl. mva) som vist i tabell under:

Post	Beløp
Større undervisningsutstyr (til skular i drift)	30 mill.
Skulebruksplan – planmidlar oppstart/utgreiingar	5 mill.
Rehabilitering og mindre ombyggingar/utvidingar	75 mill.
Investeringsprosjekt (nybygg, store rehabiliteringar)	390 mill.
Sum	500 mill.

4. Tidsplan og gjennomføring som vist i tabell under:

Skule	Tiltak	Tiltak	
		Blir avvikla	Blir opna
Nye Voss gymnas	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2017
Tertnes vgs	Gjennomføring av vedtatt programmering		2018
Bergen Katedralskole	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2018

¹ Ved en inkurie ble orda «lokalisert ved» utelatt i vedtakspunktet , jf side 27. Dette er nå retta 05.09.2016

Nye Åsane vgs	Gjennomføring av vedtekte programmering		2020
Odda vgs	Gjeld rehabilitering av bygg for yrkesfag. Blir investeringsprosjekt frå 2017.		2018
Etne vgs	Kommunen overtar bygg i 2023. Bygg på Tesdal vert selt 2017	2017	
Hjeltnes	Usikker bruk. Ingen investering eller sal av bygg teke med	2017	
Laksevåg vgs, A-bygget	A-bygget kan seljast, men vinst av sal ikkje teke med då funksjonar må flyttast til B- bygget	2018	
Austrheim vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2020	
Lønborg vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2020	
Olsvikåsen	Held på bygget dersom SF og A-bygget ved Laksevåg blir lagt ned		
Askøy vgs	Delvis rehabilitering av 50 %. Utviding 20 %		2022
Langhaugen skole	Nytt bygg for kroppsøving og musikk.		2022
Slåtthaug	Delvis rehabilitering av 70 % av arealet		2023
Årstad vgs	Innomhus rehabilitering av C-bygget.		2025
Fitjar	Vert selt 2 år før nedlegging	2022	
Rubbestadneset	Vert selt 2 år før nedlegging	2022	
Stord vgs, Vabakkjen	Eksisterande verkstader vert rehabilitert og utvida. Klasseromsbygg vert delvis rehabilitert.		2022
Stord vgs, Saghaugen	Avgrensa tiltak i samband med samanslåing		2022
Sotra vgs, Bildøy	Vert selt 2 år før nedlegging	2024	
Sotra vgs, Sund	Vert selt 2 år før nedlegging	2024	
Nye Sotra vgs	Etablere ny skule i kollektivknutepunkt Straume/Bildøy		2024
Knarvik vgs, Kvernhusmyrane	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Knarvik vgs, Juvikstølen	Tilbygg for å dekke utdanningsprogram som er på Kvernhusmyrane		2026
Norheimsund vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Øystese gymnas	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Nye Kvam vgs	Ny skule		2026
Arna vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2027	

Garnes vgs, Tunes	Vert avvikla innan 2017 og vert selt	2017	
Garnes vgs, Garneshøgda	Vert selt 2 år før nedlegging	2027	
Nye Arna vgs	Ny skule		2027

5. Skulebruksplanen skal rullerast kvart 4. år

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 05.09.2016

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Administrasjonsutvalet tar «Rullering av skulebruksplanen 2017-2030» til orientering.»

Kari L. Bjørnsvik (Unio) sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Administrasjonsutvalet ber om at ein som hovudregel ikkje slår saman skular før om prosess kring samlokalisering er i gang.»

Røysting

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørnsvik sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av Administrasjonsutvalet utan realitetsbehandling.

Vedtak

Administrasjonsutvalet tar «Rullering av skulebruksplanen 2017-2030» til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

1. Yrkesopplæringsnemnda slutter seg i hovudsak til de overordnede rammer for Skulebruksplanen 2017 – 2030 (Kvalitet, desentralisert skolestruktur, god ressursutnyttelse, rehabilitering skolebygg/nybygg, frigjøre midler til investering, samt sammenheng mellom mellom yrkesfagenes antall elever og faktiske læreplasser.
2. Overordnet mener Yrkesopplæringsnemnda at planen har en riktig innretning med hensyn til å dimensjonere den videregående skolen opp mot det totale elevtallet i fylket.
3. Yrkesopplæringsnemnda er opptatt av at utdanningsprogram legges nærmest mulig det arbeidslivet skolen skal betjene og levere kvalifisert arbeidskraft til. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse bl.a. vise til høringsuttalelsen fra Anleggsgartnere.

Yrkesopplæringsnemnda mener det strider mot de overordnede prinsipper å legge VG1 og VG2 for anleggsgartnerfaget til Voss, når de aller fleste bedrifter som tar imot lærlinger ligger i Stor-Bergen. Dette vil også gjøre det vanskeligere å få til et samarbeid med det aktuelle arbeidslivet, bl.a. med hensyn til prosjekt til fordypning mv.

4. Yrkesopplæringsnemnda legger til grunn at arbeidslivets behov for lærlinger vil alltid, og av ulike årsaker være varierende. Det må derfor sikres en dynamikk i planens innretning, slik at tilbud smertefritt kan legges ned eller opprettes etter hvert som behovene i arbeidslivet skifter.
5. Yrkesopplæringsnemnda viser til at det oppgis at det ikke er innkommet uttalelse fra elektrofaget. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse vise til brev datert 22.2.2016 fra OKEL Bergen og Omegn, Nelfo og El & It.

6. I de tilfeller strukturelle behov medfører at tilbud flyttes til nye skoler, ber Yrkesopplæringsnemnda om at fylket etablerer en plan for å videreføre gode læremiljø og fagmetodikk, som også sikrer samarbeid med arbeidslivet.
7. Yrkesopplæringsnemnda viser til brev fra kunnskapsministeren til landets fylkesordførere datert 07.06.2016 vedrørende arbeidet med å skaffe flere læreplaner. Yrkesopplæringsnemnda vil oppfordre fylkeskommunen til å videreføre «Aksjon Lærebedrift» i Hordaland i perioden 2017 - 2020.

Videre vil Yrkesopplæringsnemnda vise til sitt tidligere vedtak vedrørende at det skal inngås intensjonsavtaler mellom den enkelte skole og arbeidslivet om læreplaner som et viktig grunnlag for å opprette klasser

Yrkesopplæringsnemnda ber om at dette arbeidet intensiveres ved en enkelte skole og at det rapporteres på inngåtte intensjonsavtaler, fagretning og intensjon om antall lærlingeplasser.

Yrkesopplæringsnemnda mener intensjonsavtaler vil være vesentlig for å synliggjøre behovet for skoleplasser ved den enkelte skole, samt dimensjonering av skoleplasser, og vil intensivere det gode samarbeide med arbeidslivet.

Røysting:

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda støttar fylkesrådmannens innstilling med følgjande merknad:

1. Yrkesopplæringsnemnda slutter seg i hovudsak til de overordnede rammer for Skolebruksplanen 2017 – 2030 (Kvalitet, desentralisert skolestruktur, god ressursutnyttelse, rehabiliter skolebygg/nybygg, frigjøre midler til investering, samt sammenheng mellom mellom yrkesfagenes antall elever og faktiske læreplaner.
2. Overordnet mener Yrkesopplæringsnemnda at planen har en riktig innretning med hensyn til å dimensjonere den videregående skolen opp mot det totale elevtallet i fylket.
3. Yrkesopplæringsnemnda er opptatt av at utdanningsprogram legges nærmest mulig det arbeidslivet skolen skal betjene og levere kvalifisert arbeidskraft til. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse bl.a. vise til høringsuttalelsen fra Anleggsgartnere.

Yrkesopplæringsnemnda mener det strider mot de overordnede prinsipper å legge VG1 og VG2 for anleggsgartnerfaget til Voss, når de aller fleste bedrifter som tar imot lærlinger ligger i Stor-Bergen. Dette vil også gjøre det vanskeligere å få til et samarbeid med det aktuelle arbeidslivet, bl.a. med hensyn til prosjekt til fordypning mv.

4. Yrkesopplæringsnemnda legger til grunn at arbeidslivets behov for lærlinger vil alltid, og av ulike årsaker være varierende. Det må derfor sikres en dynamikk i planens innretning, slik at tilbud smertefritt kan legges ned eller opprettes etter hvert som behovene i arbeidslivet skifter.
5. Yrkesopplæringsnemnda viser til at det oppgis at det ikke er innkommet uttalelse fra elektrofaget. Yrkesopplæringsnemnda vil i denne forbindelse vise til brev datert 22.2.2016 fra OKEL Bergen og Omegn, Nelfo og EI & It.
6. I de tilfeller strukturelle behov medfører at tilbud flyttes til nye skoler, ber Yrkesopplæringsnemnda om at fylket etablerer en plan for å videreføre gode læremiljø og fagmetodikk, som også sikrer samarbeid med arbeidslivet.
7. Yrkesopplæringsnemnda viser til brev fra kunnskapsministeren til landets fylkesordførere datert 07.06.2016 vedrørende arbeidet med å skaffe flere læreplaner. Yrkesopplæringsnemnda vil oppfordre fylkeskommunen til å videreføre «Aksjon Lærebedrift» i Hordaland i perioden 2017 - 2020.

Videre vil Yrkesopplæringsnemnda vise til sitt tidligere vedtak vedrørende at det skal inngås intensjonsavtaler mellom den enkelte skole og arbeidslivet om læreplaner som et viktig grunnlag for å opprette klasser

Yrkesopplæringsnemnda ber om at dette arbeidet intensiveres ved enkelte skole og at det rapporteres på inngåtte intensjonsavtaler, fagretning og intensjon om antall lærlingeplasser.

Yrkesopplæringsnemnda mener intensjonsavtaler vil være vesentlig for å synliggjøre behovet for skoleplasser ved den enkelte skole, samt dimensjonering av skoleplasser, og vil intensivere det gode samarbeide med arbeidslivet.

PS 32/16 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

Vedtak

Torbjørn Mjelstad informerer om årets formidling:

Det er nå ca. 1600 som er formidla til læreplass, av disse er det 1199 som har ungdomsrett.

Det ble sendt ut 579 «meldekort» med svarfrist 26.08.2016

77 melde tilbake at de hadde fått læreplass

106 har ikkje svart og er dermed ute av formidling og alternative løp.

29 har takket nei til alt. Vg3 i faga Ikt, matros, motormann og CNC.

48 blir meldt direkte opp til prøve

26 har takket ja til Vg3 CNC, IKT, matro og motormann

187 har svart at de fortsatt ønsker læreplass /alt.vg3

14 har trukkt søknad om læreplass

35 meldte at de hadde fått skoleplass

57 svarte ikkje men har fått skoleplass

Det er oppretta alternativ Vg3 slutt opplæring i skole:

IKT-servicefag v/Amalie Skram vgs

CNC – Osterøy vgs

Bilfaget lette kjøretøy – Slåtthaug

Matros/Motormann – Bergen Maritime /Statsråd Lehmkul

Elektro – Stord vgs. /Slåtthaug (OKEL)

Industrimekaniker/Plate – Askøy vgs. (Hop kompetanse)

Læreplasskurs i samarbeid med NAV, info møte 05/09 her var 71 invitert 22 møtte.

Det er inngått ein avtale saman med Handelshøyskolen BI som inneber at BI skal forske på organiseringa av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. Prosjektet skal munne ut i konkrete endringstiltak.

Bakgrunnen for prosjektet er at Hordaland fylkeskommune ville knytte til seg eit forskingsmiljø som skal sjå på organiseringa av fag- og yrkesopplæringa i fylket. Andelen som gjennomfører yrkesfagleg utdanning er vesentleg lågare på yrkesfag enn på studieførebuande utdanningsprogram.

Bemanninga ved Fagopplæringskontoret :

Det er nå på plass tre leiare under Fagopplæringssjefen, desse har i tillegg til fag ansvar også personalansvar :

Anne-Sara Svendsen leiar bedrifts- og formidlingsgruppa, Signe Sætre leiar prøve- og dokumentasjonsgruppa. Ragnhild Ravna Skjærvik leiar avd. Stord.

Ein person har slutta på kontoret og fått nye oppgåver på HR-avd. med å ivareta dei fylkeskommunale lærlingane. Det er ikkje avklara erstatning for denne stillinga.

Yrkes-NM går av stabelen 17 til 20 oktober. Arrangementet er i rute, en oppleve litt utfordringar med å få med grunnskulen frå distrikta.



Arkivnr: 2016/7805-5

Saksbehandlar: Tore Muren

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	36/16	28.09.2016
Utval for opplæring og helse		06.10.2016
Fylkesutvalet		04.10.2016

Høyringsuttale NOU 2016/7 – «Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn».

Samandrag

Kunnskapsdepartementet sende 22. juli 2016 til høyring NOU 2016:7 «Norge i omstilling – karriereveiledning for individ og samfunn.» Svarfrist er 7. november 2016. Arbeidet med denne saka er ivarettatt i opplæringsavdelinga i samarbeid med regionalavdelinga. Vidaregåande skular i fylket har hatt høve til å kome med sine merknader. Ein skule har gitt tilbakemelding. Opplæringsavdelinga har òg hatt eit møte med Rådgjevarforum Hordaland om saka.

I høyringssvaret held Hordaland fylkeskommune særleg fram desse sidene ved tilrådinga:

- Det må etablerast eit heilskapleg system for karriererettleiing for alle aktuelle grupper: Elevar, lærlingar, studentar og vaksne.
- Det må etablerast eit tilgjengeleg karriererettleiingstilbod for vaksne over 19 år.
- Systemet må vere fagleg og organisatorisk forankra i og mellom aktuelle sentrale styresmakter.
- Systemet må basere seg på partnarskapsmodellen med deltaking av kommunar; NAV, høgskule- og universitet og fylkeskommune.
- Den arbeidsmarknads- og regionalpoliske sida av arbeidet med karriererettleiing må styrkast.
- Med den rolla fylkeskommunen spelar - både innafor opplæring og regionalutvikling - er det naturleg å pålegge fylkeskommunane eit overordna koordinerande ansvar for satsinga på fylkesnivå.
- Fylkeskommunen bør vere mottakar og forvaltar av økonomisk tilskot til etablering og drift av regionale partnarskap for karriererettleiing.
- Med dei skifta i arbeidsmarknaden som etter alle teikn vil kome, og med dei krava til individuell omstilling dette vil føre med seg, vil eit tilgjengeleg og fagleg solid tilbod om karriererettleiing vere ei samfunnsøkonomisk god investering.
- Etablering av eit heilskapleg og forpliktande system for karriererettleiing i tråd med utvalet sine tilrådingar vil utløyse ein synergi mellom innsatsen til ulike partar på fylkesnivå.
- Skulen må behalde karriererettleiinga som ei skuleoppgåve.
- Den tradisjonelle rådgjevarfunksjonen må døypast om til karriererettleiar og skiljast frå oppgåva med sosialpedagogisk rådgiving.
- Lærlingar bør få rett til karriererettleiing på line med elevar.
- Fylkesrådmannen stør forslaget om å utgreie spørsmålet om etablering av eit eige karriererettleiingsfag i studieførebuande utdanningsprogram.

- Karriererettleinga bør i tillegg til kjønnsperspektivet og integreringsperspektivet også nyttast som tiltak for sosial utjamning.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.09.2016

NOU 2016:7 Norge i omstilling – karriereveiledning for individ og samfunn

Den satsinga på karriererettleiing vi no ser både i Norge, EU- og OECD-området har samanheng med endringar i retning av eit meir skiftande arbeidsliv.¹ Dette verkar inn både på synet på kva individuell karriere er, og kva fokusområde karriererettleiing i skulen og elles bør ha. Ein snakkar i dag i mindre grad om å gjere eitt karriereval. I staden er målet no meir «karrierelæring» og «karrierekompetanse» med mål om at menneske sjølv skal kunne handtere overgangsfasar fleire gonger i løpet av yrkeslivet. Parallelt med dette kan utviklinga gå i retning av at arbeidsmarknaden i framtida vil bli ein enda meir kritisk faktor ved karriereval. I tråd med dette tilrår utvalet i NOU 2016:7 etablert eit nasjonalt partnerskap for karriererettleiing innafor ein «kompetansepolitisk partnerskap». Fylkesrådmannen er samd med utvalet på dette punktet, og vil særleg streke under at den kompetansepolitiske sida av karriererettleiinga blir gjort tydeleg i styringssignal frå sentrale styresmakter til respektive partar på regionalt nivå.

Mange etatar og tenester er involvert i arbeidet med personar som har behov for karriererettleiing og relevant informasjon i denne samanheng. Fylkesrådmannen vil peike på den vinsten som ligg i at dei ulike tenestene samarbeider om utveksling av informasjon og kompetanse, og at brukarane kan få tidleg, meir samordna og rett informasjon. Fylkesrådmannen meiner at den synergieffekten som ligg i betre samarbeid tenestene imellom må presiserast som ein enda tydlegare premiss i det vidare arbeidet. Fylkesrådmannen stør utvalet i at forpliktande samarbeid og koordinering på nasjonalt plan blir sentralt for å sikre slikt koordinert samarbeid på regionalt og lokalt plan.

Fylkesrådmannen vil elles peike på at karriererettleiing i seg sjølv ikkje løyser alle utfordringar med overgang frå skule til arbeid eller med integrering av ledige, det vere seg norskætta ledige eller innvandrarakar. Overgang til arbeid er også eit spørsmål om tilgang på læreplassar, innretning og dimensjonering av vaksenopplæringsordninga og tilgang på avklaringsordningar for studieplassar innan høgare utdanning. Vårt poeng er at god effekt av styrking av karriererettleiingstenesta må sjåast i samanheng med og lenkast til andre tilhøve som påverkar forholdet mellom arbeidstakar/-søkjjar og arbeidsmarknaden.

Kommentarar til enkelte punkt i utgreiinga:

- **Tilrådingar for eit heilskapleg system:**

Utvalet gir i kap. 5 ein velkomen gjennomgang av omgrepet «heilskapleg system» og tilrår at det må bli eit mål også for den norske karriererettleiinga. Eit heilskapleg system handlar etter utvalet sitt syn både om formell forankring på departements- og sentralt etatsnivå, samt om «*jevnlig dialog om utviklingen av karriereveiledningsfeltet (både departementsnivå og på underliggende etatsnivå)*» (NOU 2016:7 s. 212). Fylkesrådmannen stør utvalet på dette punktet, og vil i forlenginga av dette særleg leggje vekt på desse tilrådingane frå utvalet:

- «VOX må få tydeleggjort sitt mandat til å «... utvikle kvalitet, profesjonalitet og helhet i karriereveiledningen i Norge
- Etablering av eit «tverrsektorielt» (s. 212) kvalitetsrammeverk for karriererettleiing

Tilråding for partnerskap

Fylkesrådmannen vil her særleg halde fram utvalet si tilråding om vidare satsing på dei fylkesvise partnerskapa med ei breiare deltaking enn dagens minimumskrav. Universitet, høgskule og fagskule bør også inkluderast. Ein bør òg vurdere å inkludere partane i arbeidslivet. Samtidig er det viktig å sjå arbeidet med karriererettleiing i samanheng med det øvrige kompetansepolitiske

¹ NOU 2016:7 «Norge i omstilling ...» - s. 10, jamfør NOU 2016:3, «Ved et vendepunkt: Frå ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi.» NOU 2016:7 s. 22: «... større fleksibilitet og mobilitet på arbeidsmarkedet.» Jamfør faglitteratur på feltet: Mark Savickas (2011) Carees Counselling. American Psychological Association (APA)

arbeidet i regionen og behovet for arenaer og dialog om til dømes dimensjonering av utdanningstilbud, omstillingsbehov, etter- og vidareutdanning m.m. Det må difor vurderast korleis ein kan samordne desse behova regionalt utan at det går utover kvaliteten på arbeidet som skal gjerast.

Modellen er eit godt utgangspunkt for arbeidet på fylkesnivå, men for å sikre kontinuitet og brei deltaking han fylgjast opp av sentrale føringar som nemnt ovanfor. Utan forpliktande pålegg i respektive etatar kan det praktiske arbeidet regionalt og lokalt lett bli sett i skuggen av etatane sine primær oppgåver (jamfør Vågeng-utvalet si påpeiking av at NAV har for mange oppgåver og at NAV har behov for å konsentrere innsatsen om sine hovudoppdrag²).

Fylkesrådmannen vil også halde fram at karriererettleiingstenesta, ved sida av den rettleiingspedagogiske delen, må få eit tydelegare arbeidslivsperspektiv og derfor knytast til regional kompetansepolitisk planarbeid (jamfør NIBR-rapport «Samfunnsutviklerrollen til regionalt fylkeskommunalt nivå»). Her vil vi legge til at karriererettleiingssentra må ha eit særleg ansvar for å være oppdaterte på regionalt arbeidsliv. Ansvaret må ivaretakast gjennom nært samarbeid med regionale forvaltningsstyresmakter (fylkeskommunen), NAV fylke og NAV på regionnivå. Hordaland fylkeskommune leiar i dag eit nasjonalt pilotprosjekt om utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for dei regionale kompetansestrategiane. Utan å ha tatt stilling til kostnadene bør fylkeskommunane i tida frametter få eit spesielt ansvar for å koordinere arbeidet med å skaffe fram eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeidet i karriererettleiingssentra. Departementet bør støtte utarbeiding av kunnskapsgrunnlag.

I tråd med dette, vil Fylkesrådmannen særleg streke under at:

- partnarskapa ikkje berre «bør», men må «... få et økonomisk tilskudd som skal nyttes til å sikre at partnerskapsarbeidet ledes og prioriteres.» (utvalet si tilråding s. 89)

og at

- *partnarskapa må vere ein sentral del av regionalt kompetansepolitisk arbeid.* Fylkeskommunane må derfor ha det overordna koordinerande ansvaret på fylkesnivå og vere ansvarleg for å forvalte eit årleg tilskot til denne oppgåva.

Tilråding for karrieresenter

Fylkesrådmannen vil også gi ei generell støtte til utvalet sine tilrådingar når det gjeld etablering av karrieresenter, og under dette punktet særleg halde fram at:

- fylkeskommunale karrieresenter blir organisert som ei lovpålagt fylkeskommunal teneste og at tenesta må vere gratis for alle vaksne over 19 år. Individuell karriererettleiing må vere sentra si primær oppgåve.
- karrieresentra bør tilby kompetansestøtte til, og vere kompetansesenter for, andre partar
- andre partar bør som utvalet foreslår, mot ekstern finansiering, i tillegg kunne kjøpe tenester for «spesielle satsinger». (jamfør utvalet si tilråding s. 87).
- karriererettleiarar i karrieresentra bør på sikt ha karrierefagleg utdanning på mastergradnivå.

Som grunngeving for siste punktet held fylkesrådmannen fram at karriererettleiingssentra i si rolle som fagleg kompetansesenter i fylket også bør ha eit viss kompetansevist «overskot.» Vi nemner i

² Vågeng-utvalet (2015): Ekspertgruppe oppnemnt av Arbeids- og sosialdept: «Et nav med muligheter. Bedre brukerstøtte ... Gjennomgang av NAV»

denne samanheng også den viktige samfunnsfunksjonen ei styrka karriererettleiingsteneste er tiltenkt (jamfør denne og andre utgreiingar om arbeidskrafta som ressurs i framtidig arbeidsliv³).

Finansiering

Fylkesrådmannen stør utvalet si tilråding om grunnfinansiering av tenesta gjennom auka rammetilskot til fylkeskommunane (s. 86-87). Med dei utfordringane som etter alle teikn vil prege arbeidsmarknaden framover, er satsing på karrieresenter eit effektivt verkemiddel for å sikre både individuelle og samfunnsvisse interesser (jamfør ELGPN⁴ si metaanalyse referert i NOU 2016:7 s. 24). Fylkesrådmannen rår difor til at det blir investert i eit velfungerande rettleiingssystem med klare økonomiske rammer som garanti for plassering av ansvar, etablering og koordinering av arbeidet i fylka.

Karriererettleiingstilbod på nett

Fylkesrådmannen vil her halde fram at nettstaden bør bli ei utviding av den noverande nettstaden **Utdanning.no**. Her er lagt inn eit mangfald av gode ressursar som må med i vidare nettbaserte tilbod.

Når det gjeld bemanning av den nettbaserte karriererettleiingstenesta stør fylkesrådmannen utvalet si innstilling om å rekruttere medarbeidarar frå aktuelle tenesteområde. Føresetnaden må vere at dei tilsette både har nødvendig formell kompetanse, og at dei tilsette gjennom eit felles «kvalitetsrammeverk» har ein felles fagleg plattform for denne delen av tenesta (jamfør NOU 2016:7 s. 212).

Tenesta må vere tilgjengeleg for video, chat og e-post, og ha ein database for «ofte stilte spørsmål»

Fylkesrådmannen vil også peike på at den nettbaserte tenesta og den individretta tenesta må sjåast i samanheng og bli komplementære tenester. Den nettbaserte tenesta kan slik avlaste den individuelt retta tenesta, og den kan bidra til at brukarane av den individretta tenesta er betre førebudde til individuell rettleiing i karrieresentra.

Karriererettleiing i grunnopplæringa

Ungdomsskulen

Fylkesrådmannen vil leggje vekt på at ungdomsskuletrinnet kanskje er den viktigaste arenaen for karriererettleiing. Dei fyrste viktige vala blir tatt i ungdomsskulen. I forlenginga av utvalet sine påpeikingar av det same kan det føyast til at det i grunnskulen kan vere rom for å påverke både haldningar, motivasjon og elevane sitt opplevde handlingsrom. Som utvalet også nemner, kan skulen slik ha påverknad både på utjamning mellom kjønna og i forhold til integrering av innvandrarar. Ut frå allmenn kunnskap om samanhengen mellom fullføring av vidaregåande skule og sosial bakgrunn/foreldre sitt utdanningsnivå, vil fylkesrådmannen også nemne skulen og karriererettleiinga si rolle i arbeidet med sosial utjamning. I tråd med dette vil fylkesrådmannen Hordaland særleg stø utvalet sine tilrådingar om at :

- grunnskulen beheld ansvaret for rådgiving/karriererettleiing
- karriererettleiing må takast inn i lovverket som eige rettleiingsområde ved sida av sosialpedagogisk rådgiving
- kompetansekravet må formaliserast for både lærarar i faget *Utdanningsval* og for rådgjevarfunksjonen i både grunn- og vidaregåande skule

³ NOU 2016: 3: Ved et vendepunkt: Fra ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi. Sjå også NIBR-rapport 2015:17: «Samfunnsutviklerrollen til regionalt fylkeskommunalt nivå» og sjå Vågengutvalet (april 2015).

⁴ ELGPN: European Lifelong Guidance Policy Network .

- Vidareutdanningstilbodet for lærarar i faget *Utdanningsval* og rådgjevar må styrkast og gjerast til ein del av «Kompetanse for kvalitet.»
- Karriererettleiing blir ein integrert del av lærarutdanninga
- Karriererettleiing i tydinga karrierelæring må bli eit tema for «Hele skolens oppgave» (sjå NOU2016:7 s. 143)

Fylkesrådmannen går vidare inn for at

- lærlingar må få rett på karriererettleiing på line med elevar.

Til dette siste punktet vil fylkesrådmannen føye til at det ikkje er sterke grunnar for å gjere forskjell på lærlingar og elevar. Lærlingar kan ved hjelp av god rettleiing til dømes hjelpast til å sjå dei gode grunnane for å fullføre læretida, eventuelt å finne ut kvifor det kan vere rett å bryte lærekontrakten. Og ikkje minst: karriererettleiing for lærlingar vil kunne bidra til kortare og meir gjennomtenkt overgang til anna utdanning/kvalifisering eller arbeid.

Når det gjeld krav til kompetanse på karriererettleiingsfeltet i skulen, er dette etter fylkesrådmannen sitt syn avgjerande viktig for at faget skal få nødvendig status, og for at det skal få den tyngde som rettleiingsfeltet i skulen kan trenge i konkurranse med andre viktige fag og oppgåver.

Utvalet legg vekt på «*utviklingen av karriereveiledning som hele skolens oppgave*» (s. 143) og er inne på at dette handlar om elevane si utvikling både når det gjeld «*interesser, evner og ambisjonar.*» (s. 143). Fylkesrådmannen saknar ei understreking av at dette også handlar om skulen sitt ansvar som formidlar av informasjon om samfunnsforhold, arbeids- og næringsliv, og at det i stor grad er i relasjon til desse tilhøva den individuelle utviklinga skjer (jamfør moderne konstruktivistisk tilnærming til karriererettleiingsfeltet, Mark Savickas (2011)⁵ m.fl.). Karriererettleiing handlar slik også om informasjon om samfunnsforhold i eit breiare skuleperspektiv. Ei tydelegare presisering av skulen og den enkelte lærar si rolle i formidlinga av slik kunnskap inn mot karriererettleiinga bør derfor takast med i det vidare arbeidet.

Som argument for delt rådgivingsteneste vil fylkesrådmannen leggje vekt på at oppgåva som karriererettleiar som oftast vil måtte vike for den sosialpedagogiske rettleiinga når slike saker kjem på bordet. Når sosialpedagogiske oppgåver kjem på bordet kan dei sjeldan utsetjast, men krev oftast «her og no» -handling. Sjølv om enkeltsakene også innanfor karriererettleiinga må sjåast i begge perspektiva, må det akutte behovet løysast på annan måte, det vil seie med samarbeid mellom rettleiarane internt på skulen.

I vidaregåande skule – studieførebuande program

Fylkesrådmannen er samd med utvalet i at «*Ungdom på studieforbereidende program har like stort behov for kunnskap og erfaring om arbeidslivet og for å utvikle karrierekompetanse som ungdom på yrkesfaglige programmer.*» (s. 150). Elevar på studieførebuande utdanningsprogram har også i dag krav på «*nødvendig utdannings- og yrkesrådgiving*» (Forskrift til Opplæringslova §22-3), men tal for gjennomføring i høgare utdanning⁶ er etter fylkesrådmannen sitt syn ein indikasjon på at ein må sjå nærare på karriererettleiinga i denne delen av skulen. Utvalet peikar her særleg på at ein i karriererettleiinga i studiespesialiserande utdanningsprogram må leggje vekt på å sjå samanhengen mellom utdanningar og yrke. Fylkesrådmannen er også samd i denne vurderinga. Dette kan som nemnt ovanfor, gjerast gjennom å leggje enda større vekt på arbeidslivsinformasjon i tradisjonelle skulefag. Det kan også gjerast gjennom strukturert samarbeid med regionalt arbeidsliv, til dømes ved bruk av tiltaka frå *Ungt entreprenørskap*. Utfordringa vil vere å få kontinuitet og samheng i dei ulike tiltaka skulen slik kan stå for. Dersom ein etablerer eit eige karriererettleiingsfag i

⁵ Mark L. Savickas (2011) *Career Counseling*

⁶ Dokument 3:8 (2014–2015) *Riksrevisjonens undersøkelse av studiegjennomføringen i høyere utdanning.*

studieførebuande utdanningsprogram vil dette vere arenaen for å hente ut ein synergi her. I tillegg vil ein i eit slikt fag kunne bruke meir tid på det som i fylgje faglitteratur og sentrale føringar elles vil vere kjernen i karriererettleinga i framtida: Karrierelæring og karrierevalkompetanse; eit felt som vanskelegare lar seg integrere i andre fag. Det må likevel vere ein føresetnad at eit nytt karriererettleingsfag ikkje må frita dei andre faga for karrieresperspektiv. På dette grunnlaget stør fylkesrådmannen utvalet si tilråding om å greie ut spørsmål om innføring av eit karriererettleingsprogram i studieførebuande utdanningsprogram.

Om å opne for at fleire yrkesgrupper med karriererettleingskompetanse kan fylle ei stilling som karriererettleiar.

«Utvalget anbefaler at det utvikles kompetansekrav til den nye stillingskategorien (karriererettleiar) som åpner for at flere yrkesgrupper med karriereveiledningskompetanse kan fylle stillingen, ...» (s. 155). Fylkesrådmannen er open for ei slik løysing, men minner samtidig om utfordringa dette kan gi ved at den nye kompetansen blir ei sidegrein av skulen sitt vel etablerte «hovudoppdrag». Denne faren må ein i tilfelle møte med ein bevisst strategi for å gjere dei nye impulsane frå andre yrkesgrupper til ein integrert del av skulen sin fellesinnsats for styrking av karriererettleinga. Det kan også vere grunn til å minne om at den samfunns- og arbeidslivskontakt ein kan oppnå gjennom å tilsette rettleiarar med annan yrkeskompetanse, vil vere «ferskvare» og gå relativt raskt «ut på dato». Samfunns- og arbeidslivskontakten må på sikt takast vare på gjennom partnerskapsavtalar og andre avtalar i arbeidslivet.

- Høgskular og universitet

Fylkesrådmannen vil her særleg kommentere utvalet si tilråding om at «*utdanningsinstitusjonene bør etablere forpliktende og stabile samarbeidsrelasjonar med videregående skoler, fylkeskommuner, karrieresentre og NAV.*» (Utvalet sine tilrådingar s. 176). Som nemnt er det etter fylkesrådmannen sitt syn mogleg å hente ut synergjar av meir og betre koordinert samarbeid mellom aktuelle offentlege aktørar. Det gjeld i høg grad også høgskular og universitet.

- Tilrådingar for NAV

Fylkesrådmannen vil her særleg peike på utvalet sine tilrådingar om at :

- «NAV bør samarbeide med karrieresentrene om kompetansestøtte» (s.216).
- samarbeidet må forankrast i partnerskapsavtale
- NAV (og samarbeidspartar) må ha «samkjørte styringssignalar fra departementene...»

NAV og fylkeskommunane har gjensidig utfyllande roller i arbeidet med å styrke rettleiarkompetansen i respektive tenester (jamfør samarbeid mellom opplæringsavdelinga i Hordaland og NAV Hordaland om kurs for NAV-rettleiarar i «Karriereorientert veiledning i NAV»). Vi kan òg nemne våre gode erfaringar med meir faste kurs om vidaregåande skule, vaksenopplæring med vidare for NAV-tilsette. Samarbeidet har enda vidare potensiale og bør formaliserast for å sikre kontinuitet og kvalitet til beste for brukarane av respektive tenester og for å hente ut ein større samfunnsvis synergi.

Integrering

Fylkesrådmannen er opptatt av god informasjonsflyt etatar og tenester imellom, og at rettleiarar i ulike tenester kjenner andre relevante etatar og ordningar. Dette gjeld også for forholdet mellom integreringsapparatet i kommunen og andre etatar og tenester, og har innverknad på innvandrarar sin bruk av vidaregåande opplæring og vaksenopplæringa. Samarbeids- og /partnerskapsavtale mellom fylkeskommune og kommunar, med tilhøyrande føringar frå sentralt departementalt hald, vil

vere godt grunnlag for samarbeid om slik kunnskapsoppbygging i kommunalt mottaksapparat. Fylkesrådmannen stør på dette grunnlaget utvalet si tilråding til at «*kommunane bør delta i fylkesvise partnerskap for karriereveiledning...*» og at dei elles kan «*benytte karrieresenterets ressurser.*» (s. 215)

Fylkesrådmannen i Hordaland kan slutte seg til organisasjonane⁷ sin uttale (jamfør vedlegg til høyringsbrev):

- Alle grupper av menneske må inkluderast i eit offentleg tilbod om karriererettleiing
- Dei offentlege tilbydarane av karriererettleiing må administrativt og fagleg vere koordinerte
- Det må etablerast eit e-retteiingsbasert tilbod om karriererettleiing
- Karriererettleiingstenesta må profesjonaliserast gjennom nærare definerte kompetansekrav.

⁷ LO, KS, NHO, Spekter, Unio, Virke, Akademikerne og YS.

PS 37/16 Ymse